




DEN NORSKE
FORLEGGERFORENING
THE NORWEGIAN PUBLISHERS ASSOCIATION

Finansdepartement
Postboks 8008 Dep
0030 Oslo

Sendes også pr e-post
arkiv.postmottak@finans.dep.no



Oslo, den 15 mai 2003

Ref 03/598 SL BB/GS

HØYRING – NOU 2003:9 SKATTEUTVALGET – FORSLAG TIL ENDRINGAR I SKATTESYSTEMET

Vi viser til høyringsbrev datert 12 februar 2003. Den norske Forleggerforening vil avgrense seg til å gi fråsegn om dei delane av Skatteutvalets innstilling som er mest relevante for foreninga sine medlemmer inntekts- og skattegrunnlaget og å halde oppe ein 0-sats for meirverdiavgift for bøker.

Skatte- og avgiftssystemets rolle

På side 107 i innstillinga listar utvalet opp tre sentrale oppgåver for skatte- og avgiftssystemet, nemleg proveny-, fordelings- og marknadskorrigeringsoppgåvene. Vi meiner at utvalet med fordel også kunne ha nemnt eksplisitt dei to andre hovudoppgåvene som ein normalt legg til skatte- og avgiftssystemet aktivitetsregulerings- og formyndaromsyna. Dette er til dømes sentralt i samband med årsakene til at styresmaktene har gitt fritak for meirverdiavgift (mva) på bøker. Det er nettopp fordi ein ønskjer å påverke konsumet i ei bestemt retning at dette fritaket er eit sentralt og målretta verkemiddel.

Elles er Den norske Forleggerforening samd med utvalet i at prinsippa for utforming av skatte- og avgiftssystemet må rette seg inn mot effektiv ressursutnytting og samfunnsøkonomisk lønnsemd ut frå ein nytte-kost-analyse. Det er òg viktig at verkemidla er treffsikre i forhold til dei oppgåvene som skal løysast.

Skatte- og inntektsgrunnlaget

Den norske Forleggerforening har i all hovudsak det same synet som utvalet på hovudprinsippa for skatte- og inntektsgrunnlaget. Det skattemessige grunnlaget bør vere mest mogleg likt det faktiske økonomiske resultatet i verksemda, og det bør vere mest mogleg nøytralt i forhold til investeringar i Noreg og utlandet.

Mellom anna på denne bakgrunnen stør vi framlegga frå utvalet i kapittel 7 om å fjerne avgrensingar av retten til framføring av underskot i næring, både med omsyn til bortfall av 10-årsregelen og at underskotsframføring skal kunne gjelde sjølv om verksemda opphøyrer. Det er òg positivt at utvalet gjer framlegg om at retten til frådrag for tap på fordringar bør bli utvida til også å gjelde tap utanfor næring.

Den norske Forleggerforening er nøgd med å kunne konstatere at utvalet ikkje gjer framlegg om endringar i dei reglane som gjeld for varelagervurdering i forlagsbransjen. Også kulturpolitiske vurderingar og omsynet til stabilitet og kravet om at rammevilkåra må vere føreseielege, tilseier at det ikkje blir gjort endringar her.

Behovet for å halde oppe 0-sats på meirverdiavgift for bøker

Det er brei semje om at bokproduksjon i Noreg treng støtteordningar og at tilskot til bokbransjen er samfunnsøkonomisk lønnsamt

Realisering av vedtekne litteraturpolitiske mål krev både spesifikke og generelle verkemiddel. Ein kan ikkje berre satse på øymerkte tiltak. Eitt av dei viktigaste generelle verkemidla retta mot bokbransjen som heilskap, er fritaket for å betale meirverdiavgift (mva) på bøker. Ettersom det er generell semje om at bokbransjen må ha økonomisk støtte, blir det eit sentralt spørsmål om det finst alternativ til mva-fritaket som er minst like målretta, har tilnærma same effekt og er minst like treffsikkert og ressurseffektivt. Vi vil ikkje sjå bort frå at eit slikt verkemiddel finst, men det har i så fall så langt ikkje vore presentert for omverda. Inntil ei alternativ ordning med dokumentert tilsvarende effekt for bransjen er lagt på bordet, er det avgjerande for den norske bokbransjen at fritaket for mva på bøker blir halde oppe.

Ved vurdering av alternative løysingar, er det viktig å halde fast ved at 0-sats for bøker er eit verkemiddel retta mot å tilgodesjå brukarane av bøker og bokbransjen generelt, i forhold til andre produktgrupper. Det siktar med andre ord mot å styrkje litteraturen og lesinga i forhold til andre gode. Så lenge tiltaket fører til lågare bokpris enn om det hadde vore mva på bøker og stimulerer til auka kjøp av bøker, medverkar det òg til å gi fleire tilgang til litteratur. Det verkar dermed som eit målretta tiltak som er med på å realisere vedtekne litteraturpolitiske mål.

Den marginale substitusjonsbrøken (MRS) gir uttrykk for kor mykje ein person er villig til å byte bort av ei vare for å få ei anna. Byteforholdet (MRS) mellom bøker generelt og andre produkt endrar seg dersom eit generelt verkemiddel (til dømes 0-sats for bøker) blir erstatta med øymerkte tiltak til visse typar bøker. Denne typen selektive tilskot kan erstatte generell støtte berre dersom nysjeprodukt og litteratur generelt er perfekte substitutt, og det er dei ikkje. Derfor vil ei erstatning av generelle støttetiltak, som til dømes mva-fritak, med øymerkte tilskot resultere i omsetningsnedgang for bøker totalt og forskuvning av forbruket over til andre sektorar. Dette vil ikkje vere i samsvar med vedtekne politiske mål. Verknaden vil berre bli forsterka av den psykologiske effekten som innføring av mva på bøker vil ha.

I rapporten "Norsk bokbransje ved tusenårsskiftet", rapport nr 197, 2002 frå Telemarksforsking-Bø (også omtala som Bø-rapporten) finn ein på sidene 91 og 92 tal for priselastisitet i forhold til bokletterspurnad. Til dømes er gjennomsnittleg priselastisitet for alle typar bøker i Danmark – 1,45 (kfr. Hjorth-Andersen 1996). Med andre ord, når prisen på bøker går opp med 1 %, går etterspurnaden etter bøker ned med 1,45%. Dette harmonerer òg rimeleg bra med effekten av mva-reformen i Sverige. Her blei mva-satsen på bøker redusert med 19 % (frå 25 % til 6 %) frå og med 2002. Dette gav ein prisreduksjon på 15 % og ein salsauke på over 17 %.

Eit eventuelt bortfall av mva-fritak på bøker vil derfor venteleg få svært alvorlege følgjer for bokbransjen dersom det ikkje blir erstatta av alternative tiltak. Konsekvensane vil vere størst for produksjonen av fagbøker og akademisk litteratur der priselastisiteten er målt til mellom –2 og –3. For slike titlar er òg fortjenestemarginane mest pressa og konkurransen frå billegare utanlandske bøker og Internett størst. Ein nedgang i etterspurnad etter fagbøker i den storleiken ein slik priselastisitet tilseier, vil gi drastisk reduksjon i produksjonen av norsk faglitteratur og såleis motarbeide realisering av dei litteraturpolitiske måla.

På side 115 og 116 i NOU 2003:9 listar skatteutvalet opp kriterium for at det offentlege skal gripe inn med selektive verkemiddel. Desse kriteria er på alle måtar tilfredsstillende når det gjeld bokbransjen. Verkemiddelbruken skal sikte mot å vere både målretta og ressurseffektiv. Vi vil hevde at fritak for mva på bøker både er eit målretta bransjeselektivt verkemiddel som er med på å realisere vedtekne politiske mål, og at det er ressurseffektivt sett ut frå eit samfunnsøkonomisk perspektiv.

Eit eventuelt bortfall av mva-fritaket på bøker krev at det blir erstatta med ei tilskotsordning som støttar bokbransjen generelt. Slike tiltak bryt lett med kravet om at tiltaket også skal vere ressurs-effektivt. Det vil lett gi auka administrasjonskostnader og resultere i samfunnsøkonomisk sløsing dersom ein først skal krevje inn ei avgift for så å betale ut att det same beløpet til dei som har innbetalt avgifta. Etter vår meining er det derfor mest samfunnsøkonomisk lønnsamt å halde oppe mva-fritaket på bøker.

Forholdet til EU

I EU-området har 14 av 15 medlemsland ein mva-sats på bøker som er 10 % eller lågare, og to av dei har 0-sats som i Noreg

| | |
|------------|---|
| ➤ 0-sats | 2 land (Irland og Storbritannia) |
| ➤ 1-4 % | 4 land (Hellas, Italia, Luxemburg, Spania) |
| ➤ 5-10 % | 8 land (Belgia, Finland, Frankrike, Nederland, Portugal, Sverige, Tyskland, Austerrike) |
| ➤ høg sats | 1 land (Danmark har 25 %) |

Dette biletet endrar seg ikkje med opptak av nye medlemsland, der det berre er Bulgaria som har høg mva-sats på bøker. Omsynet til omverda og ei eventuell harmonisering mot EU-land tilseier såleis heller ikkje innføring av mva på bøker. Dette blir særleg tydeleg når utvalet også gjer framlegg om at det berre skal vere éin sats for meirverdiavgifta, og giv bod om at denne satsen ikkje bør vere vesentleg forskjellig frå dagens sats på 24 %.

Det er brei semje om å gi generell støtte til bokbransjen. Etter Den norske Forleggerforening si meining tilseier omsynet til administrativ forenkling, stabilitet i rammevilkåra og samfunnsøkonomisk ressursutnytting at dette skjer best ved å halde oppe dagens mva-fritak på bøker.

Skattefrådrag for FoU-kostnader

Av fleire årsaker er det svært viktig at regjeringa held oppe tiltak som kan stimulere til forskning og utvikling i verksemdene. Noreg ligg langt etter andre land vi likar å samanlikne oss med når det gjeld forskning og utvikling, og vi kan heller ikkje dra full nytte av satsinga i EU på dette området.

Den norske Forleggerforening har ingen innvendingar mot utvalet sitt framlegg om at FoU-støtta blir gitt som direkte tilskot i staden for som frådrag i skatten. Vi stør oss her også til den grunngevinga som utvalet legg fram for ei slik omlegging. Den norske Forleggerforening giv derfor si prinsipielle tilslutning til utvalets framlegg om å gjere om FoU-tilskotet frå å vere skatterelatert til å bli ei regelstyrt ordning. Føresetnaden er at tilskotsnivået blir halde oppe og at sakshandsaminga blir like enkel, rask og effektiv som etter dagens ordning. Mellom anna bør grunnlaget for å innvilge tilskot og behandlingsforma av søknader bli ført vidare etter dagens ordning.

Likeins er det svært viktig at omlegginga ikkje fører til redusert tilskotsnivå. Snarare bør ein auke det i forhold til dagens nivå. Skattefunnordninga er ei nyskaping som blei lansert for mindre enn eitt år sidan. Omfanget av behovet for tilskot er derfor enno ikkje avdekt. Ved ei eventuell omlegging til ei direktetilskotsordning, må omfanget av løyvingane bli sikra minst på høgaste utnyttingsnivå av skattefunnordninga i åra før omlegginga. Totaleffekten av omlegginga må såleis ikkje bli forringa samanlikna med om skattefunnordninga hadde blitt ført vidare.

Integrering av person- og selskapsskattlegging

Den norske Forleggerforening stør framlegget frå utvalet om å erstatte delingsmodellen med ei form for utbytteskattlegging. Delingsmodellen har fleire ulemper som òg er omtalt i utvalsrapporten. Også når det gjeld modell for utbytteskattlegging, stør vi skatteutvalets innstilling om å leggje aksjonærmodellen til grunn. Vi viser elles til høyringsfråsegna frå Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon (HSH) for utdjupande kommentarar til dette punktet.

Med vennleg helsing
Den norske Forleggerforening

Kristin C. Slørdahl
Direktør